
Til: Fylkesrådmannen

Frå: Eigedomsdirektøren

Måløy vgs - Opplæringsfartøy Avlysing av konkurranse

Bakgrunn

Prosjektet med å anskaffe eit nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs var vedteke i fylkestinget i Sogn og Fjordane i 2018, jf FT sak 31/18, 55/18 og 56/18. Prosjektet vart vidareført som ein del av investeringsplan til Vestland fylkeskommune, jf FT sak 14/19 den 17.12.19 med ei ramme på kr 133 mill. kr. inkl mva.

Første halvår 2019 vart det arbeid med program, oppdatering av funksjonar, tekniske krav og anbudsgrunnlag. Prosjektet vart lyst ut i Doffin medio oktober 2019 og tilbudsfristen for eit komplett fartøy var sett til 24.januar 2020. To tilbydarar leverte tilbod, ein tilbydar trekte seg. Evaluering av tilboda viste at desse låg vesentleg over vedteke budsjett.

Det var bestemt å gå i tingingar med tilbydarane med den målsetting å få ned prisane før det vart teke stilling til vidare prosess. I denne prosessen vart spesifikasjonane vurdert og redusert, men utan at vi endra føremål og funksjonar slik det var kunngjort. I tingingane vart tilbydarane minna på atterhaldet om budsjettmessig dekning slik det gjekk fram av konkurransegrunnlaget.

Etter at vi hadde gjennomført tingingar, men før fristen for endeleg tilbod, traff pandemisituasjonen oss. Dei reviderte tilboda resulterte ikkje i store forskjellar frå opphavleg pris, ein tilbydar auka prisen. I tillegg har situasjonen ført til at tilbydarane har teke ei rekkje atterhald, nokon av ein slik art at det ligg føre tvil om tilboda er gyldige. I tillegg har tilbydarane atterhald som gjer det vanskeleg å samanlikne tilboda med kvarandre. Dette er vesentleg knytt til usikkerheit omkring valuta. Tingingane er ikkje endeleg avslutta då endeleg tilbod ikkje er levert.

I det heile har resultatet av tingingane så langt ikkje ført fram. Med grunnlag i dei forhandla tilboda som no ligg føre vert kalkulererte kostnader totalt for prosjektet omlag 193 mill kr inkl mva. I tillegg har ma. pandemisituasjonen gjort at det er knytt større økonomisk og framdriftsmessig risiko ved ei vidareføring.

Ut frå ei heilskapleg vurdering av situasjonen for prosjektet har vi derfor no vurdert om det er naudsynt og avlyse konkurransen om nytt opplæringsfartøy ved Måløy vgs. Ei avlysing må ha sakleg grunn. I dette tilfellet vert konkurransen avlyst pga vesentlege overskridingar i tilboda slik at finansiering med vedteke budsjett ikkje ligg føre. Vi har teke atterhald om budsjettdekning allereie i konkurransegrunnlaget og det er gjenteke i tingingane. Estimater som låg til grunn for innkjøpet er gjort av ein uavhenging 3 part. Tilbydarane har likevel tilbode eit fartøy som overstig budsjettet vesentleg.

Det er og ein realitet som nemnt over, at tingingar for å redusere pris har ikkje ført fram. Tingingane er formelt ikkje avslutta, men det ligg no føre tilbod av ein slik art at det og kan være tvil om dei gyldige. Atterhald her er vesentleg komme pga av pandemisituasjonen. I realiteten kan vi derfor og seinare komme til at konkurransen må avlysast, då det ikkje ligg føre gyldige tilbod ev. bere eit gyldig tilbod, og det er då i realiteten ikkje er konkurranse.

Anbefaling

Ut frå budsjettoverskriding i anskaffinga og atterhald i tilboda, så er det vår anbefaling at konkurransen om nytt opplæringsfartøy blir avlyst. Vi ber også om det må gjerast ei vurdering av alternative løysingar og rammer før prosjektet blir vidareført. Dette kan være reduserte funksjonskrav, høgare budsjett eller nye vurderingar omkring kjøp av eksisterande fartøy for ombygging.